

Nye eigenbetalingar

22.11.2017

Av: Haldis Lauksund

Publisert: 25.07.2017 09:53

Oppdatert: 25.07.2017 09:56

Nye eigenbetalingar

Frå 1. september vert det eigenbetaling på kommunale hjelpemiddel, servicetenester, gruppetrening og Frisklivsresept.

I budsjett 2017 var det lagt opp til eigenbetaling for forebyggjande tenester og lågterskeltilbod. Desse tilboda har til no vore gratis. Betalingsatsane vart vedteke i møte i Komite for rehabilitering, helse og omsorg 23. februar 2017.

Oversikt over satsane:

- Utlån av kommunale hjelpemiddel, eigenandel kr 100 pr. hjelpemiddel, men med eit tak på kr 500 ved lån av fleire hjelpemiddel i same utlånsperiode
- Eigenandel på Frisklivstenester kr 300 pr. frisklivsresept
- Eigenandel ved fallforebyggjande kurs kr 300
- Servicemedarbeidertenester kr 300 pr. time
- Transport av hjelpemiddel kr 300 Me vil ikkje ta eigenandel for utkjøring av dei største og mest kompliserte hjelpemiddel der me ikkje kan forvente at ein kan flytte sjølv. Det er også gratis å få montert utstyr ein søkjer om til Nav, som til dømes støttestenger, tekniske anlegg som hørselshjelpemiddel osv.
- Ved manglande oppmøte til avtalt time til fysio- og ergoterapi kr 250
- For gruppetreninga som einingane driv er det ei semesteravgift på kr 300